

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
063/19	Formannskapet	PS	19.09.2019
065/19	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Irene Wilhelmsen	19/239

Pilotprosjekt trafiksikring av skuleveg Leknes skulekrins - Midlar til tiltak på kommunalt vegnett

Vedlegg :

Tilskot til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019Saksutgreiing Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019 - sak PS 39-2019 - MISA 100419.pdfSaksprotokoll Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019 - sak PS 39-2019 - MISA 100419.pdfPkt 5.5 side 75 i Kommunedelplan for trafiksikring 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Lindås kommune/Alver kommune ønskjer å delta i pilotprosjekt for trafiksikring av skuleveg Leiknes skulekrins.
- Kommunen forpliktar seg dermed til å fylgje opp med midlar til strakstiltak på eige vegnett i samband med trafikktryggleiksutgreiinga. Mulige kostnadar med tiltak på kommunale vegar i 2021 blir avklart i samband med økonomiplanprosessen for Alver hausten 2019.

.....

Formannskapet - 063/19

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Lindås kommune/Alver kommune ønskjer å delta i pilotprosjekt for trafiksikring av skuleveg Leiknes skulekrins.
- Kommunen forpliktar seg dermed til å fylgje opp med midlar til strakstiltak på eige vegnett i samband med trafikktryggleiksutgreiinga. Mulige kostnadar med tiltak på

kommunale vegar i 2021 blir avklart i samband med økonomiplanprosessen for Alver hausten 2019.

.....

Kommunestyret - 065/19

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

- Lindås kommune/Alver kommune ønskjer å delta i pilotprosjekt for trafikksikring av skuleveg Leiknes skulekrins.
 - Kommunen forpliktar seg dermed til å fylgje opp med midlar til strakstiltak på eige vegnett i samband med trafikktryggleiksutgreiinga. Mulige kostnader med tiltak på kommunale vegar i 2021 blir avklart i samband med økonomiplanprosessen for Alver hausten 2019.
-

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I formannskapet 14.02.2019 vart det gjort vedtak om å sende inn søknad om trafikksikringsmidlar til fysiske tiltak langs fylkesveg. Eit av tiltaka det vart søkt midlar til er i samsvar med pkt. 5.5 i «Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020». Sjå vedlagt utdrag frå Kommunedelplanen.

I punktet om «midlar til fysiske strakstiltak etter trafikktryggleiksutgreiing – Leknes skulekrins» vart det søkt om 1.500.000,-. Søknaden vart tatt ut av hovudvurderinga då fylkesrådmannen meinte dette ville vere ein god pilot å test utanfor Bergen og ville ha det inn på budsjettet.

I vedlegg til denne saka side 11/16 (Saksutgreiing Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019 - sak PS 39-2019 - MISA 100419.pdf) står fylgjande tekst:

Utgreiing av trafikktryggleik

Lindås kommune ønskjer å gjennomføra ei utgreiing av trafikktryggleiken i Leknes skulekrins (tiltak nr.29), etter modell av trafikksikringsutgreiingane i Bergen kommune. I Bergen har ein i fleire år hatt utgreiingar av utvalde skulekrinsar, med påfølgande gjennomføring av tiltak. Statens vegvesen har hatt det faglege ansvaret for utgreiingane, og kommune og fylkeskommune deltar og forpliktar seg til å følgja opp med aktuelle tiltak på eget vegnett. Utgreiingane skjer i nært samarbeid med skulane ved tilsette og føresette. Erfaringane med desse utgreiingane er positive. Skulane gir gode tilbakemeldingar og Statens vegvesen meldar om markant nedgang i uromeldingar som omhandlar trafikktryggleik i dei aktuelle områda. Noko av nøkkelen her er at kommunen og fylkeskommunen³ har øyremerkte midlar til gjennomføring av fysiske tiltak i etterkant av utgreiinga. For Leknes skulekrins vil ei utgreiing skje i samarbeid med Statens vegvesen/fylkeskommunen. Søknaden frå Lindås kommune gjeld dei fysiske tiltaka som følgjer utgreiinga. Fylkesrådmannen meiner trafikksikringsutgreiingane er eit godt konsept som bør prøvast ut også utanfor Bergen kommune, og vil kome attende til dette prosjektet i samband med budsjettet for 2020.

Administrasjonen har no blitt kontakta av Statens vegvesen. Fylkeskommunen ynskjer å setje i gang prosessen i samband med budsjettframlegget no i haust, då dei i tildelingssaka frå MISA har sagt at dei vil følgja opp dette, og gjera Leknes til ein pilot for ts-utgreiingar utanom Bergen.

Føresetnad for at fylkeskommunen går vidare med å få i gang prosessen med midlar til dei fysiske tiltaka på fylkesvegnettet, er at Lindås kommune og har forplikta seg til å følgje opp med midlar på eige vegnett då midlane fylkeskommunen stiller med er tiltenkt fylkesvegnettet.

Gangen i eit slikt prosjekt er som følgjer:

Utgreiingane startar opp på hausten med nytt FAU, og vert ferdigstilt før skuleåret er omme, slik at ein har det same foreldreutvalet å forholde seg til gjennom heile prosessen.

Vidare vert tiltak prosjektert på hausten påfølgjande år, slik at det er klart for byggstart på nyåret. Det vil seie at med oppstart hausten 2019 må det setjast av midlar for tiltak i 2021.

Kommunen må difor forplikte seg til at det er sett av midlar til tiltak som skal setjast i gang våren 2021.

Trafikksikring rundt skulane er noko alle foreldre er opptekne av. Å køyre ein slik pilot i Lindås vil vise innbyggjarane at trafikktryggleik og trygg skuleveg er noko kommunen prioriterer. Det vil og kunne løyse ut midlar til fleire slike prosjekt i regionen framover.

Vurdering

Rådmannen ser positivt på at kommunen kan vere i eit slikt prosjekt og anbefalar at kommunen forpliktar seg til å delta. Mulige kostnadar med tiltak på kommunale vegar i 2021 blir avklart i samband med økonomiplanprosessen for Alver hausten 2019.

.....